

Kunnskapsgrunnlag

Eksisterande kunnskap

Medverknadsprosjekt knytt til kommuneplanen sin samfunnsdel m.fl.

I perioden september 2020 til januar 2021 gjennomførte kommunen eit felles medverknadsopplegg for fleire overordna planar som pågjekk parallelt: kommuneplanen sin samfunnsdel, kommunedelplan for oppvekst, kommunedelplan for helse og omsorg. Opplegget bestod av spørjeundersøking, kunstprosjekt, digital samfunnsdialog, samtale med råd og utval og verkstad i regionsenteret og lokal- og nærsentra.

Mykje av kunnskapen frå medverknaden er relevant for kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Vi finn at Alverbuen har sterk lokal tilhøyring, vi har aktive ungdomsmiljø og arenaer for deltaking, aktive lokalsamfunn med høg deltaking og at innbyggjarane brukar natur- og turområdet sitt – stolpejakta blir trekt fram som eit positivt tiltak. På den negative sida manglar vi tilbod som kino, symehall og kulturhus.

Sykkelstrategi for Alver 2021- 2031

Sykkelstrategien prioriterer sykkelreiser innanfor rimeleg sykkelavstand til kvardagslege målpunkt som skule, arbeid, butikk, idrett og så vidare – dei såkalla transportetappane.

Tursykling er eit viktig, tverrfagleg tema, sjølv om det ikkje er høgt prioritert i sykkelstrategien. Sykkelstrategien peikar på moglegheiter for turruter på sykkel for rekreasjon og oppleving - som del av transportetappar og turruter mellom aktørar for berekraftig turisme. Vidare går Nasjonal sykkelrute nr. 1- Kystruta gjennom Alver. Ved å gjere strekninga gjennom Alver til ein attraktiv del av Kystruta, kan Alver tiltrekke seg fleire sykkelturistar.

Anleggstrategi for Alver 2020- 2024

Strategien dannar grunnlag for prioriteringar av søknadar om spelemidlar i åra 2020-2024, kontinuitet i utbygginga av idretts-, friluft- og nærmiljøanlegg, og samordnar tematiske føringar og tiltak i påvente av kommunal plan for idrett i Alver kommune.

Kulturundersøkinga 2019

Opinionsundersøkinga vart gjennomført av Respons Analyse i 2019, med 1000 respondentar.

Undersøkinga går inn på ei rekke tema – til dømes korleis innbyggjarane deltek, opplev tilboda, kva dei ønskjer og kva som hindrar dei. Undersøkinga er representativ for det breie Alversamfunnet, med respondentar frå alle delar av kommunen og med låg usikkerheit.

Idrettsindeksen 2018

Idrettsindeksen vart utarbeidd av Telemarksforskning, med tal til og med oktober 2018. Indeksen gir oversyn over korleis Alver stillar seg i høve andre kommunar og regionale/nasjonale gjennomsnitt. Vidare omhandlar indeksen anleggsdekning og medlemsutvikling innan alle idrettar. Det må vurderast om indeksen skal oppdaterast i samband med planarbeidet.

Kartlegging og verdisetting av friluftsområde 2016-2017

Kartlegginga kastar lys på friluftsområde i heile kommunen, med ei brei verdivurdering etter ei rekke kriterie, og er utarbeidd etter Miljødirektoratets rettleiar. Kartlegginga er vidare den første

heilskaplege registreringa av friluftsområde på lokalt nivå, og gir detaljert kunnskap, oversyn og verdisetting av friluftsområda i Alver.

Ungdata

Ungdataundersøkingane gir viktig informasjon om status for barn og unge sine vilkår i kommunen, og er samanliknbare over tid.

Medverknad organisasjonsprosjekt kultur

I samband med bygginga av kulturtenestene i Alver vart det gjennomført medverknadsopplegg knytt til tilskotsordningar, generelle utfordringar og moglegheiter for organisasjonslivet, og eit eige møte med korpsa.

Brukarundersøking biblioteka

I perioden 06. mai til 20. juni 2019 gjennomførte Strilabiblioteket (biblioteka i Radøy, Meland og Lindås) si første felles brukarundersøking. Det kom inn 366 svar. Brukarane opplevde den nye profileringa til dei ulike bibliotekavdelingane som positive og det kom innspel om personalauke, betre lokale, utvida opningstid og fleire arrangement. Ei ny brukarundersøking har vore varsla for våren 2022.

Kunnskapsgrunnlag frå Vestland fylke

Vestland fylke utarbeider regional plan for det breie kulturfeltet på same tid som Alver kommune sitt planarbeid. Ein vil i planarbeidet i Alver dra vekslar på kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunens planprosess

Behov for kunnskap

Temaplan for Friluftslivets ferdselsårer

Temaplanen er under utarbeiding og skal ferdigstillast desember 2021. Planen skal gje ei samla oversikt over ferdselsårer for friluftslivet kring regionsenteret, lokal- og nærsenter og skular, og regionalt viktige turmål i Alver kommune. Kartlegginga skal vera eit kunnskapsgrunnlag og danna grunnlag for Alver kommune sine prioriteringar og satsingar innan friluftslivet dei komande åra.

Kulturmiljøplan

Kulturmiljøplanen skal identifisera og prioritera kommunalt verneverdige kulturminne og føreslå strategiar og tiltak for for korleis desse skal forvaltast. Kulturminne som vert identifiserte som verneverdige må sikrast ved hjelp av plan- og bygningslova.

Kulturindeks

Telemarksforskning utarbeidar detaljerte kulturindeksar, og det bør vurderast om slik skal tingast i samband med planarbeidet.

Status for aktørar, bygg og anlegg

Kartlegging status og behov for aktørar innan kultur- og idrettsfeltet, anlegg og lokalar.

Status for kommunale tenester innan kultur og idrett

Det er behov for tilstand- og statuskunnskap for kommunale tenester og forvaltingsoppgåver, som kunnskapsgrunnlag til planprosessen

Diverse kartleggingar

Det kan oppstå behov for ulike mindre kartleggingsoppgåver, t.d. i samband med kunstfeltet eller frivilligheita, for å danne kunnskapsgrunnlag til planprosessen.